



Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 27.08.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00

Formannschaftsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
51/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
52/2014	Godkjenning av møtebok
53/2014	Referatsaker
53/2014.1	Skatt på eige og inntekt pr 31.05.14
54/2014	Aktuelle saker
55/2014	Orientering av rådmannen
56/2014	Økonomisk rapportering pr juni 2014
57/2014	KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma
58/2014	Høyring - framlegg til endringar i vallova og valforskrifta
59/2014	Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland
60/2014	Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland
61/2014	Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014
62/2014	Alternative lokalitetar for Meland kyrkjekontor
63/2014	Søknad om kjøp av tilleggsareal til gbnr. 22/132

24. mai 2016

Nils Marton Aadland
ordførar

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3380

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3380

Godkjenning av møtebok frå møte 04.06.14

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 04.06.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3380

Referatsaker

Saksnummer	Tittel
53/2014.1	Skatt på eige og inntekt pr 31.05.14

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland		14/3380

Aktuelle saker

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/3380

Orientering av rådmannen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/3439

Økonomisk rapportering pr juni 2014

Vedlegg:

- 1-Sum status regnsk-bud pr 30-06-14
- 2-Rapport invest 30-06-14

Saksopplysningar:

Kommentarar til driftsrapport:

Rapport med driftsrekneskap for 1. halvår 2014 følgjer i vedlegg 1. Rapporten viser revidert budsjett for 2014, rekneskap pr juni 2014 og prognose for året. Alle tenesteområde rapporterer så langt at dei ventar å halde seg innanfor driftsrammene. Sjukeheimen og heimetenestene får fleire nye ressurskrevjande brukarar no i haust som gjer at det er vanskeleg å vurdere korleis ein kjem ut totalt for året, men så langt meiner dei å ha ressursar nok ved å foreta omprioritering innanfor rammene dei har.

Sjølv om tenesteområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer.

Skattinngangen nasjonalt er lågare enn estimert i statsbudsjettet. Meland kommune er ein låginntektskommune som får inntektsutjamning, og vi vert difor direkte påverka av denne reduksjonen. Om utviklinga i 2014 så langt held fram, kan vi vente oss reduserte skatteinntekter og rammetilskot med netto kr 0,6 mill.

Avsetning til disposisjonsfond med kr 11,9 mill er lagt inn som avsetningsutgift på finansområdet, slik at budsjettet totalt sett balanserer i null.

Kommentarar til investeringsrapport:

Sjå vedlegg 2. Ingen spesielle kommentarar ut over det som kjem fram i rapporten. Sjukeheimsutbygginga er no ferdig. Sluttrapport for prosjektet skal gjennomgåast av revisor, og handsamast av kontrollutvalet før den kjem til ordinær handsaming i formannskap og kommunestyre.

Vurdering

Saka har ikkje direkte konsekvensar på Folkehelse og Miljø.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr juni 2014 vert teken til vitande

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033, TI - &23	14/3140

KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma

Vedlegg:

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS medverking i lokale og regionale prosessar i en kommunereform

Saksopplysningar:

Bakgrunn

KS har i brev til kommunane i Hordaland dagsett 4. juli 2014 bede om at vi gjer vår tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale og regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Landsstyret i KS har bedt fylkesstyra hente inn slikt mandat frå den einskilde kommune/fylkeskommune. Dette for å gjere det tydeleg at KS si rolle i kommunereformarbeidet er definert av kommunane.

Det går fram av Prop. 95S (2013-2014) Kommuneproposisjonen 2015 at alle kommunane i landet hausten 2014 vil bli inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere, og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmannen vil få ansvar frå regjeringa til å setje i gang desse prosessane. Regjeringa seier i proposisjonen at dei ynskjer at dei lokale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varslar ein eigen invitasjon til KS om å delta i prosessen etter at Stortinget har handsama proposisjonen. KS mottok ein slik invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren 3 juli 2014.

KS vert styrt av medlemmane og ynskjer difor i denne saka å forsikre seg om at ein jobbar for medlemmane sine interesser. Difor vert denne invitasjonen sendt kommunar og fylkeskommunar.

Vurdering

Sjølve brevet der KS invitere medlemmane til å gje sin tilslutnad til KS sitt engasjement i saka om kommunestruktur gjer greie for grunngevinga og KS sit prinsipielle syn på kommunereform.

Folkehelse, er ikkje relevant i denen saka

Miljø, er ikkje relevant i denne saka

Økonomi, er ikkje relevant på noverande tidspunkt i denne saka

Konklusjon

KS har sett som føresetning at endringar i kommunestruktur må byggje på lokale prosessar og at KS ikkje skal vere pådrivar for dette. KS ynskjer å leggje til rette for lokale prosessar på medlemmane sine premissar, saman med fylkesmannen. Det er likevel medlemmane som avgjer kven dei vil ta initiativ til

å samarbeide med.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 010, TI - &13	14/3240

Høyring - framlegg til endringar i vallova og valforskrifta

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har motteke høyringsnotat frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med framlegg til enkelte endringar i vallova og valforskrifta. Frist for å gi innspel og merknader er sett til 31.10.14. Høyringsnotatet inneheld også ein gjennomgang av evalueringa av stortingsvalet i 2013.

Innleiingsvis held departementet fram at det er viktig at det ikkje vert innført system- og regelendringar innan valordninga, utan at det er klare behov og gode grunnar for dette. Det vert m.a. peikt på at gjennomføring av val skjer annakvart år, og er såleis inga rutineoppgåve. Gjennomføring krev at det vert etablert eit omfattande apparat i kvar kommune, med mange detaljerte rutinar. Erfaring tilseier at system- og regelendringar bidrar til at risikoen for feil aukar. Feila kan føre til at veljarar ikkje får avgitt røyst, eller at røysta vert forkasta.

Høyringsnotatet inneheld likevel nokre få framlegg til endringar i vallova:

1. Framlegg om at departementet overtar ansvaret for produksjon og utsending av valkort. Gjennom forskrift får departementet mynde til å gi nærare reglar om pliktane til valstyret i samband med produksjon og utsending.
2. Sentral matrikelmyndighet/Kartverket skal orienterast om endringar i røystekretsinnndelinga innan 31. mars i valåret.

I tillegg tar departementet opp ulike problemstillingar knytt til for seint innkomne førehandsrøyster. Ved valet i 2013 kom i alt 1 653 førehandsrøyster for seint fram og vart difor forkasta. Stortinget sin fullmaktskomité har konkludert med at dette talet er uakseptabelt høgt og har bedt departementet vurdere om det er grunnlag for regelendringar på dette punktet. Det er ikkje lagt opp til konkrete lovendringar i høyringsnotatet, men departementet ber om tilbakemeldingar på problemstillingar kring forkasta førehandsrøyster frå høyringsinstansane, og dei vil så eventuelt komme tilbake til dette temaet i ei ny høyring. I tillegg til at problemet med at avgitte førehandsrøyster vert forkasta, er det per i dag heller ikkje eit godt nok system for registrering av for seint innkomne røyster.

Vurdering

Dei to konkrete framlegga til endringar i vallova er etter administrasjonen si oppfatning heilt uproblematiske.

Spørsmålet om for seint innkomne og dermed forkasta førehandsrøyster reiser derimot fleire problemstillingar. Det kan vere mange ulike grunnar til at førehandsrøyster ikkje kjem fram innan

fristen kl. 21.00 på valdagen. Dette kan t.d. handle om:

- Feilsending
- Forveksling av kommunar
- Røystemottakar sender røystene for seint frå seg
- Mangelfull adressering
- Forseinkingar i postgangen

Det er ikkje gjort noko fullgod kartlegging av årsakene til for seint innkomne førehandsrøyster, og departementet meiner difor det er uheldig å gjere lovendingar på eit usikkert datagrunnlag. Dei drøftar likevel ein del framlegg til moglege endringar i regelverket:

1. Endre lovfesta frist for å avig førehandsrøyst

Fristen for å avgi førehandsrøyst kan flyttast frå fredag til torsdag før valdagen, noko som vil kunne bidra til at færre førehandsrøystar kjem for seint fram. Ulempa ved ei slik regelendring vil kunne vere at veljarar som har vore vane med å kunne førehandsrøyste også om fredagen, og som ikkje har fått med seg regelendringa, mister høvet til å røyste ved det aktuelle valet.

Kommentar:

Meland kommune meiner at dette tiltaket vil vere fornuftig, sjølv om det om mogleg vil ta litt tid før ei slik frist-endring «set seg» hos veljarane. Det vil sjølvstøtt vere viktig med god informasjon om regelendringa, både frå sentralt hald og i den informasjonen den enkelte kommune legg ut. Informasjonskanalane i dag er mange og varierte, og ikkje minst vil informasjon via sosiale medium spreie seg ganske raskt. Ein må elles kunne forvente av ansvarlege samfunnsborgarar at dei set seg inn i dei dei reglar som gjeld for val.

2. Endre lovfesta frist for godkjenning av førehandsrøyster

Fristen for at valstyret skal godkjenne førehandsrøyster kan utsetjast, t.d. frå dagens ordning med kl. 21.00 på valdagen til kl. 16.00 dagen etter. Dette kan redusere talet på forkasta førehandsrøyster. Ulempene med ei slik ordning vil vere at det endelege valoppgjeret vert forseinka. Det vil også kunne påføre det enkelte valstyre noko meir arbeid, og dei må sannsynlegvis ta ein pause i oppteljinga i pårente av førehandsrøyster som er på veg i posten. Departementet er sjølv positiv til ei slik regelendring, m.a. fordi høvet til å avig røyst ikkje vert påverka, men vil ha innspel frå høyringsinstansane før det vert tatt endeleg avgjerd. Departementet trur likevel ikkje at ei slik regelendring vil fjerne problemet med for seint innkomne røyster.

Kommentar:

Meland kommune meiner dette tiltaket vil vere upraktisk og lage meirarbeid for valstyret og sekretariat. Valstyret må t.d. vere tilgjengeleg over fleire dagar, t.o.m. onsdag for godkjenning/forkasting av førehandsrøyster. Underskriving av møtebok kan tidlegast skje onsdag. Frist for innlevering av valmaterieil til fylkeskommunen må forlengast. Mandatfordelinga ved kommunevala vert ikkje klart før tidlegast onsdag – i små kommunar kan få røyster gjere utslag.

Det er ikkje påvist at «fangsten» av førehandsrøyster vil bli av eit slikt omfang at ulempene ved endra

frist kan forsvarast.

3. Forskriftsfeste rutinar for forsending av førehandsrøyster

Det er i dag krav om at førehandsrøyster skal sendast som A-post, og dei skal sendast kvar dag siste veka før valet. Avvik kan her handle om at konvolutten vert sendt til feil adresse og eller at teksten på valkortet forskyv seg slik at det er veljaren si adresse som kjem fram i vindauget. Det siste kan unngåast ved å nytte eiga oversendingskonvolutt, der det må framkomme tydeleg kven som er avsendar og med tydeleg adresse til valstyret i den aktuelle kommunen. Departementet vil gjere framlegg om å forskriftsfeste dette. Det vil også bli gjort framlegg om at oversending av førehandsrøyster skal skje kvar dag dei to siste vekene.

Kommentar:

Meland kommune meiner dette er fornuftige regelendringar. Vi har over mange år nytta særskilt oversendingskonvolutt. Konvolutten bør vere tydeleg merka med at han inneheld førehandsrøyster.

4. Informasjon og rettleiing

Departementet vil i sin informasjon og opplæring oppfordre kommunane til å inngå lokalt samarbeid med Posten, slik at ein får til gode ordningar når det gjeld levering og sending av førehandsrøyster. Departementet vil sjølv halde eit eiga møte med Posten sentralt i forkant av førehandsrøystinga for å sikre fortsatt god kommunikasjon og samarbeid. Departementet vil vidare oppfordre det enkelte valstyre til å utarbeide ein plan for korleis røystemottakarane skal handtere førehandsrøyster til andre kommunar på ein måte som syter for at dei kjem fram til mottakarkommunen i god tid. Dei meiner at valstyret i nokon tilfelle bør vurdere bruk av ekspresspost eller bod, men vil ikkje forskriftsfastsett dette.

Kommentar:

Det kan vere ein god idé å halde eit møte mellom kommunen og Posten lokalt i forkant av førehandsrøystinga. Valsekretær i Meland kommune har praktisert dette ved dei siste vala, også ved valet i 2013. Desse samtalan har elles klargjort at oversendingsproblema ikkje ligg til det lokale postkontoret i kommunen, men at forseinkingane truleg finn stad på andre ledd i posten sin distribusjonskjede. Dette må drøftast mellom sentral mynde og Posten sentralt.

Når det gjeld krav om utarbeiding av særskilt plan for korleis førehandsrøyster skal oversendast til andre kommunar, bør dette kan hende avstemmast med storleiken på kommunen og omfanget av slik oversending. Valstyret bør sjølv kunne vurdere om det er behov for å lage ein slik plan for deira kommune. Det er fornuftig at departementet ikkje vil påleggje kommunane å skulle bruke ekspresspost eller bod, ettersom dei økonomiske konsekvensane av dette ikkje er klarlagde.

5. Posten sluttar med postomlevering på lørdager

Det kan bli slutt på postdistribusjon på laurdagar. Departementet vil følgje opp dette for å finne fram til løysingar som ivaretar behovet for forsending av førehandsrøyster siste helg før valet.

Kommentar:

Dersom postdistribusjon på laurdager fell bort som ei generell ordning, bør sentral mynde likevel setje som krav til Posten at dei skal levere førehandsrøyster den siste laurdagen før valdagen.

Dersom ein ikkje får på plass ei ordning kring dette, vil truleg problemet med for seint innkomne førehandsrøyster auke i omfang, i staden for å bli redusert.

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Ikkje relevant i saka (med mindre det skulle komme krav om oversending av førehandsrøyster per ekspresspost eller bod).

Konklusjon

Det vert vist til kommentarane under dei opplista punkta. Ved valet i 2013 var det i Meland kommune 8 førehandsrøyster som vart forkasta fordi dei kom inn for seint. Dette var eit heilt uvanleg høgt tal , - vi trur såleis det må ha skjedd noko spesielt med postgangen i 2013.

Administrasjonen har ikkje vurdert eller kommentert framlegg som går på førehandsrøysting utanriks. Kommunen mottar svært få utanriksrøyster, og det har ikkje vore problem med at desse har kome for seint.

Når det gjeld registrering av forkasta røyster, så bør det absolutt etablerast eit fullgodt system for dette, der bakgrunn for forkasting vert registrert og statistikkført.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland/valstyret viser til saksutgreiing og vurdering og ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet merke seg dei innspela som er gitt. Det vert særleg vist til innspela som handlar om forkasta førehandsrøyster.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 121	14/2813

Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Vedlegg:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Høyringsforslag

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune v/regionalavdelinga har ved skriv datert 27.05.2014 sendt framlegg til «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 01.10.2014 (opprinneleg 22.08.2014, men forlenga i ettertid).

Forslag til plan og informasjon om planarbeidet og høyringa er lagt ut på fylkeskommunen sine heimesider, www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur/hoyring. Administrasjonen stilte på eige høyringsmøte som fylkeskommunen arrangert 5. juni.

Planframlegget inneheld hovudmål, strategiar og premisser for senterstruktur, deretter fire plantema:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
 - Attraktive sentrumsområde
 - Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
 - Handel og kjøpesenter
 - Transport

Hovudmålet med planen er: «Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.»

Til kvart plantema er det knytt overordna mål, retningsliner og handlingsprogram. Temaet Handel og kjøpesenter inneheld i tillegg juridiske føresegner.

Ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1 er eit juridisk dokument. Dei føringane som blir lagt inn i planen, vil fylkeskommunen kunne legge til grunn for motsegn mot kommunale eller private reguleringsplanar.

Formannskapet gav uttale til planprogrammet i møte 05.12.2012, sak FS-134/12. I høyringsuttalen ba kommunen om at føremålet med planarbeidet var å gje rammer for avgrensing av kommunesentra, i staden for å avgrense sentra. Dette vart retta i det endelege planprogrammet. Kommunen var også kritisk til generell lokalisering av transportknutepunkt i sentra, då sentra ikkje bør skapast om til trafikkmaskiner. Dette punktet vart det ikkje teke omsyn til.

Vurdering

Regional plan for attraktive senter i Hordaland inneheld mykje bra tenking omkring senterstruktur og –utvikling, og mange bra prinsipp for arealbruk. Regionsenterstrukturen står fast, men kanskje framleis litt lausrive frå kommunane omkring i høve til kva rolle regionsentra skal ha. For deler av Nordhordland er t.d. Åsane eit vel så viktig senter som Knarvik. Kommunesentra har elles i stor grad vokse fram etter gamle dagars knutepunkt for sjøvegs kommunikasjon og transport, ikkje nødvendigvis rasjonelt i høve til dagens prioriterte transportsystem.

Administrasjonen meiner at den regionale planen går for langt i å leggje konkrete føringar for kommunane når det gjeld arealbruk, særleg i kommunesenteret, gjennom planretningslinene. Retningslinene inneheld gode intensjonar, men er nokså detaljerte. Innvendingane gjeld særleg kap. 2.3 Retningsliner for arealbruk i sentrumsområde, kap. 4.3 Føresegner og retningsliner for handel og kjøpesenter og kap. 5.3 Retningsliner for transport. Sjølv om mykje er retningsliner og ikkje juridisk bindande føresegner, vil synspunkta kunna nyttast som grunngeving for motsegn, noko som skapar tidkrevjande planprosessar i kommunen. Mykje av kommunen sitt ansvar for arealbruken etter plan- og bygningslova er flytta over til fylkeskommunen og fylkestinget. Administrasjonen meiner avgrensinga av kommunen sitt handlerom er såpass sterk at dette er i strid med plan- og bygningslova § 3-3.

Til dømes står det i kap. 2.3 at eit kommunesenter kan ha inntil 600 m i utstrekning frå ytterkant til ytterkant. Administrasjonen meiner at dette må kommunane sjølv kunna ta stilling til, tilpassa lokale høve. Den største utfordringa er ikkje at kommunesentra er for store, men at det har skjedd store endringar i handleløstert for folk flest på nokre få år. I kap. 2.4 står det vidare at «Sentrumsområde skal regulerast heilskapleg gjennom områdeplanlegging i offentleg regi». Dette er truleg fornuftig, men kommunestyret bør sjølv ha høve til å prioritere planoppgåvene og evt. samarbeid med private aktørar, gjennom vedtak om planstrategi. Vidare står det at «Kvartalslengde i sentrum skal maksimalt vere 70m». Gode faglege råd, men ikkje nødvendigvis absolutte.

I kap. 4.3 er det laga føresegner for handel og kjøpesenter, som kan hindre etablering av ny handelsverksemd. Eit mindre vareutval (bilar, båtar, trelast og større byggevarer, utsal frå hagesenter og større planteskular, uttømmande opplista) kan plasserast utanfor eit senter. Det er berre fylkesutvalet som kan gje samtykke til handelsareal utover dette. Når kommunesenteret har fått tronge arealgrenser og blir «pålagt» å ha ein stor andel bustader (kap. 2.3), samstundes som kollektivknutepunkt skal plasserast i kommunesenteret (kap. 5.3), kan det fort bli små kår for handel og kontor/næring. Adminsitrasjonen ser ikkje at kommunen er tent med slike hindringar.

Konklusjon

Det er vanskeleg nok i dag å få «fart» på planlegging og tilrettelegging for vekst på andre område enn bustadbygging. Kapittel 3 har gode omtalar av tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod, og kap. 3.3 har retningsliner på eit generelt nivå. Den regionale planen kunne såleis vore med på å legge grunnlaget for større aktivitet og handlingsrom, men har i staden stilt opp ei mengd avgrensande reglar når det gjeld fysisk utforming og utstrekning (retningsliner og føresegner i kapittel 2, 4 og 5). Det er til ei viss grad gode arkitektfaglege råd i dokumentet. Problemet er at dei er gitt ei form / status som overstyrer andre fag og problemstillingar, og som hindrer kreativitet og utvikling. Når faglege råd blir gjort om til firkanta fasit, fell aktivitetsnivået. Det offentlege apparatet sin evne til raskt å møte og takle endringar og nye idéar, entreprenørskap og innovasjon og nye former for samspel, blir sterkt svekka. Kjøpesenter som logisk svar på hushaldningane sine krav til effektivitet er i liten grad problematisert. Kjøpesenter som mogeleg drivkraft i utviklinga lokalt er heller ikkje problematisert; den regionale planen for attraktive senter synes å ha eit (ikkje-skriftelggjort) ønskje om å snu utviklinga, ei slags «tilbake til idyllisk landsby» haldning.

Regional næringsplan for Hordaland peiker på ein del kritiske utfordringar for næringslivet, som etter administrasjonen sitt syn bør vere relevante ved utvikling av kommunesentra, bydelsesentra og regionsentra. Næringsplanen peiker då også på at det er avgjerande for vidare verdiskaping i bergensregionen at ein finn tilfredsstillande løysingar på arealbehova. Den regionale planen for attraktive senter i Hordaland burde i større grad ta inn over seg desse utfordringane. Sjølv om ein plan for senterstrukturen ikkje er samanfallande med ein plan for næringsutvikling, er det store samanhengar. Kommunane er dei næraste til å sjå samanhengane mellom arealplanane og vurdere dei ulike aktørane som er på banen lokalt i ulike samanhengar, og kjenner geografien, transportsituasjonen, økonomisk gjennomføringsevne og det samla tenestetilbodet. I så måte er den regionale planen for attraktive senter i Hordaland alt for styrande på eit detaljert nivå, utan å ta opp i seg desse samanhengane. Det kan den regionale planen heller ikkje make.

Som ein avsluttande kommentar vil ein påpeike at det fins fleire nyansar av kollektivknutepunkt. For Nordhordland sin del bør den regionale planen fange opp kollektivknutepunkt i tilknytning til større innfartsparkeringsanlegg, eller andre geografiske midtpunkt, ikkje nødvendigvis i kommunesentra.

Folkehelse: Ikkje relevant tema for kommunen å vurdere på dette nivået

Miljø: Ikkje relevant tema for kommunen å vurdere på dette nivået

Økonomi: Ikkje relevant tema for kommunen å vurdere på dette nivået

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet i Meland påtaler at den regionale planen for attraktive senter i Hordland legg alt for sterke band på den kommunale handlefridomen og høvet til å styra den pågåande utviklinga på ein positiv måte. Det offentlege apparatet bør framstå som ein interessant samarbeidspart for utviklarar / næringsdrivande / innbyggjarar, men det oppnår ein ikkje gjennom denne regionale planen. Meland kommunen meiner det offentlege med dette stiller seg på sidelina i høve til å skape reell vekst, gode møtestader og utvikling av gode tenestetilbod. Formannskapet i Meland ber om at det blir gjort ein grundig gjennomgang av retningslinene og føresegnene, der ein tek ut dei faglege råda, og at planen blir omforma slik at kommunen får høve til å spele på lag med kreftene som påverker samfunnsutviklinga.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FE - 130, TI - &13	14/2956

Høyingsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune har sendt den regionale kulturplanen Premiss: Kultur ut på høyring til m.a. kommunane. Kultur- og ressursutvalet i Hordaland har vore styringsgruppe og saksordførar har vore Nils Marton Aadland. Denne planen skal no erstatte fylkesplanar og regionale planar innanfor museum, kulturminne, bibliotek og idrett. Planen inneheldt visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde innanfor desse ulike felta i tillegg til kunstproduksjon og kulturformidling.

Kulturplanen vart sendt ut på høyring i juni og høyringsfristen er 26. september 2014.

Vurdering

Kulturplanen for Hordaland er ein ambisiøs plan som famnar vidt, den både oppsummerer kulturlivet per i dag og prøver samstundes å sjå framover. Hordaland er eit sterkt kulturfylke og har mange viktige institusjonar både nasjonalt og regionalt, likevel er det arbeidet og satsinga i kommunane som særleg bidreg til utviklinga i fylket.

Ein viktig premis for planen er at alle innbyggjarane skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv. Dette betyr at kvar einskild kommune, gjerne i samarbeid med andre må legge til rette for deltaking og kulturell utfolding i sitt nærmiljø. Det er flott at dei kulturpolitiske måla bygger opp under demokrati, yringsfridom og tilgang for alle, og at barn og unge skal ha ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen.

Planen referer til statlege utgreiingar og planar som gjev føringar for den fylkeskommunale satsinga, til saman gjev dette einheitlege signal til kommunal satsing. Det er positivt at kommunane vert utfordra til å lage eigne kulturplanar og med det grunnarbeidet som fylkeskommunen no har gjort vil kommunane ha eit referansegrunnlag for dette.

Planen har og ei gjennomgang av **kulturstatusen** (Kap 3) i fylket. Denne viser at idretten har styrkt posisjonen sin, medan det har vore ein realnedgang i driftsutgiftene til permanente kulturverksemder som ungdomsklubbar, kulturskule, folkebibliotek og korps/kor. Meland kommune er ein av kommunane som ligg på botn når det gjeld bruk av midlar til kultur, noko som bør motivere til større satsing.

Kapittel 4 **kulturpolitiske utfordringar** trekker fram den store frivillige innsatsen innan kultur og idrett. Dette representerer ei uvurderleg samfunnsmessig verdiskaping. Det er naudsynt å samordne

mål og tiltak slik at den kulturpolitiske innsatsen ikkje vert fragmentert og tilfeldig men har best mogleg ressursutnytting. Her vil ein kommunal kulturplan vere ein nyttig arbeidsreiskap. Kulturminnevern er eit anna område der fylket og kommunane treng å samordne den offentlege innsatsen. Det er naudsynt med styrking og bruk av kulturminnekompetansen i kommunane, samt organisering og rolleavklaring. Meland kommune arbeider no med å lage ein kulturminneplan og ser at ambisjonane i premiss: kultur samsvarar med dette arbeidet. Kulturformidling og kunstproduksjon krev samarbeid mellom det profesjonelle, institusjonar og det frivillige. Kulturskulen er ein viktig institusjon som opnar dørene til kunstverda for barn og unge. Vi ser at eit koordinerande fylkeskommunalt ledd for kulturskulane, tilsvarande organiseringa av bibliotekfeltet, er ønskjeleg. Dette vil kunne styrke samarbeid og utviklingsarbeid, og gjerne styrke samarbeidet med viktige aktørar som UKM (Ungdommens kulturmonsting) og DKS (den kulturelle skulesekken). Når det gjeld bibliotek er det eit mål i kulturplanen at det skal finnast eit bibliotektilbod på kvart senternivå i kommunane. Det er viktig av bibliotektilbodet er mangfaldig og ivaretek lovpålagde oppgåver. Biblioteka i Hordaland treng eit løft jfr Enger-utvalet og slik som det er omtala i denne planen. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv aktiviserer mange i Hordaland. Det er først og framset friluftsliv som har størst interesse og det er her viktig å legge til rette for at så mange som mogeleg kan delta, både gjennom tilbod frå lag og organisasjonar og som eigen organisert aktivitet. I planen er hovudfokus å skape gode aktivitetsvanar for barn og unge, men det er og viktig å legge til rette for eigen organisert aktivitet for vaksne og dei som driv frivillig arbeid retta mot ulike aldersgrupper.

Kapittel 5 Innsatsområde. Her vil vi trekke fram omtalen av arenautvikling. Gode arenaer er ein føresetnad for dei fleste deler av kulturlivet og utvikling av desse skapar grunnlag for aktivitetar, deltaking og oppleving. Det er ei stor utfordring for kommunar og tettstader som veks fort å skape stadidentitet og gode arenaer mellom anna vil vere med på å bygge denne.

Digital allmenning *Mål: Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagt for alle.*

Det er vel kjent at grupper fell utfor i bruken av digitale arenaer – t.d. mange pensjonistar. I planen manglar det ein strategi for å nå ut med informasjon om kunst og kulturuttrykk til desse.

Inkludering Det er fint at det vert lagt vekt på integrering av innvandrarar – her spelar kulturen ei viktig rolle både i forhold til kulturforståing og sosial inkludering. Organisasjonane er i varierende grad flinke til å tilrettelegge og skape rom for deltaking for mennesker med funksjonshemming. Det bør vera eit tydeleg signal i kulturplanen at frivillige kulturorganisasjonar og andre lag må arbeide for å fjerne barrierar for deltaking for desse gruppene. Spesielt er dette viktig for barn og ungdom.

«Det er ei målsetting å prøve ut etablering av lokale amatørkulturråd i samarbeid med nokre kommunar, etter modell frå idrettsråda. I neste omgang kan det vurderast danning av eit fylkesfemnande råd, som eit pilotprosjekt for å avklåra trong for slike råd i heile Hordaland.» Meland kommune har under planlegging å starte eit amatørkulturråd, det vil vere svært interessant å delta i eit slikt prosjekt .

I dag er frivillige aktivitetar utfor organisasjonslivet blitt vanleg. Desse aktivitetane blir ofte gjort kjent på sosiale medier, eller er møteplassar t.d. ved ein skaterampe, ein fotballbinge etc. Særleg for barn og unge er desse uorganiserte aktivitetane viktige. Gjennom sosiale medier kan det vere invitasjonar til å vere med å gå tur, dugnad på ein leikeplass etc. Det dei har til felles er uforpliktande deltaking. Desse uorganiserte aktivitetane står får mykje frivillige innsats. I eit folkehelse perspektiv er dette viktig. Aktivitetane bidrar til sosialisering, inkludering, tilhøyrihet til staden sin og betre fysisk og psykisk helse. Meland kommune meiner at uorganiserte frivillige bør vera med i planen. Dei står for ein del av det frivillige arbeidet som blir lagt ned i Norge, og blir ein stadig meir vanleg måte å

bidra frivillig på. Det er viktig å legge til rette for møteplassar for denne type aktivitetar i nærmiljøa slik at denne type frivilligheit kan få utfolde seg.

Verdiskaping tek mellom anna føre seg kulturbasert næringsutvikling, noko som er viktig og framtidsretta. I Meland er det per i dag ein musikkfestival Flatøy Rock, faktisk den einaste i Nordhordland. I tillegg er det nokre aktørar som arbeider med matkultur og opplevingar knytt til særskilde miljø. Det er ei utfordring å lage gode rammevilkår for dei som ønskjer å vidareutvikle desse tilboda. Kultur næring har eit langt breiare spekter enn berre næring, dette ber og i seg element av å skape stadsidentitet og styrke banda til kommunen.

Samordning og samhandling er viktig med tanke på mogelege støtte ordningar innanfor kulturfeltet. Ved deltaking i ulike prosjekt som fylket set i gang er det naudsynt at «inngangsbilletten» til deltaking ikkje er for høg og at tiltaka som vert set i verk har ikkje berre folketal, men geografisk plassering med i kriteria.

Kulturminnevern og museum Vern av dei fleste kulturminne er i hovudsak eit lokalt ansvar og gjennom å styrke kompetansen og bruk av denne vil kommunane kunne ta vare på og utvikle dei lokale kulturminna. Det vert og løfta fram i planen at det er viktig at institusjonane må etablere tydelege samarbeidsordningar med skuleverket i høve kunnskapsforvaltning og formidling. Planen legg vidare opp til å styrke samarbeidet mellom musea, lokale aktørar og forvaltninga for brei eigarskap og deltaking i arbeidet med kulturarven. Dette samarbeidet er viktig og med tanke på at kommunane dei neste åra skal utarbeide eigne kulturminneplanar, noko som Meland kommune og har under arbeid. Det er ikkje noko regionalt magasin i Nordhordland, etablering av eit slik magasin er nemnd i som eitt av innsatsområda i planen (16 B). Dette er svært positivt!

Arbeidet med **arkiv** er pågåande og nødvendig med tanke på at vi heile tida treng heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Det er fint at planen har som mål å styrke det lokalhistoriske arbeidet gjennom å utvikle lokalhistorisk kompetanse i samarbeid med musea, biblioteka og lokalhistoriske miljø i fylket.

Vi ønskjer at barn og unge skal møte **kunst og kunst uttrykk** så tidleg som mogeleg, dette gjerast gjennom den kulturelle skulesekken og dei kommunale kulturskulane, det er viktig å skape rom for at dei kommunale kulturskulane i størst mogeleg grad kan gje tilbod om individuell utvikling og opplæring innafor dei kunstområda elevane ønskjer. For å bli deltakar og medverkar må ein arbeide for å gje eit likeverdig tilbod til alle. Ungdommens kulturmonstring (UKM) har størst deltaking der monstringa er ein kontinuerleg prosess, med engasjerte vaksne og unge som medverkar i planlegging og gjennomføring, og der UKM er definert som ein del av kulturpolitikken for barn og unge. Det er vesentleg å arbeide for å skaffe gode arenaer og møteplassar til øving, produksjon og framsyningar. I regionen er det ingen av dei vidaregåande skulane som tilbyr studieretning musikk, dans og drama. Elevar som ønskjer å gå den vegen må flytte ut av regionen. Eit slikt tilbod vil og vere ei styrking av tilbodet som kulturskulane gjev. Nordhordland er og den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, dette er eit sagn.

Biblioteka har gjennom ny biblioteklov fått i oppdrag å vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Det skal utviklast modellbibliotek i alle regionane, Meland og Lindås bibliotek er allereie i gang med å bli eit modellbibliotek i regionen. Ulike løysingar kan gje inspirasjon til andre bibliotek i arbeidet med å nå ut til nye brukargrupper. Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane seier planen. Gjennom digitalisering og bruk av e-ressursar vil lånarane lettare få tilgang til biblioteket sine tenester. Biblioteket samarbeider i dag med skulane for å styrke lesedugleiken, dette må vidareutviklast og biblioteket kan bidra gjennom formidling både i det fysiske rommet og digitalt. Dei strategiske innsatsområda i planen er formidling, marknadsføring, digital kompetanse og

endringsleiing/endringskompetanse. Dette er framtidsretta og gode strategiar som kommunane vil ha god nytte av.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein del av livet til mange menneske og det er viktig å legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet anten det er gjennom idrettslag, eigen organisert aktivitet eller friluftsliv. Når vi ser at det er stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane må ein sjå på kva som må til for å gjere deltaking meir attraktivt. Tilrettelegging for å vere aktiv kvar dag kan gjerast ved at det er gode gang- og sykkelveggar til skular og barnehagar og i nærområda der folk bur. Kort avstand til turløyper og friluftsområder med god skilting vil medverke til at dei og blir brukt. Kommunane og fylket må legge vekt på å støtte det frivillige arbeidet i laga, men og ha midlar til å stø opp om eigen organiserte aktivitetar. Når det gjeld anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit av måla i planen at desse skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø. Då er det viktig å sjå på ordningar for spelemiddlar og andre tildelingar slik at dei ikkje berre er der fleirtalet bur, men og sjå på den geografiske fordelinga. Naturen er den viktigaste arenaen for fysisk aktivitet. Tilrettelegging for friluftsliv i form av friluftsområder, turveggar, turstiar, merking og gradering, turkart og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for å vere aktiv. Meland kommune er i gang med fleire tursti prosjekt, takka vere fylkeskommunale midlar, dette er avgjerande insitament for laga som skal gjere jobben. Det er mange ballbingar i Hordaland, men det må og utviklast andre nærmiljøanlegg som når andre målgrupper. Her er det viktig at det er mogeleg å søkje om støtte til slike anlegg.

Handlingsprogrammet har 39 innsatsområde med fleire underpunkt, dette er ambisiøst og spennande. Det er grunn til å trekke fram dei som vil vere aktuelle for Meland å engasjere seg i:

- Friluftslivets år 2015
- Delta i nasjonalt prosjekt "det skal merkes i heile landet" knytt til merking og gradering av turløyper
- Utvikle møteplassar og samarbeidsmodellar, til dømes amatørkulturråd, er frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg sektor
- Utvikle arbeid med kulturminnevern og verdiskaping
- Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi
- Utarbeide kommunedelplanar for kulturminnevern
- Etablere ordningar for å styrke frivillig sektor og nye samarbeid om kulturarv
- Utarbeide program for tidleg og god dialog med kommunar og planfremjarar
- Utvikle den lokalhistoriske kompetansen i fylket.
- Styrke estetiske fag og talentutvikling i vidaregåande skule, ved mellom anna å legge til rette for samarbeid med det profesjonelle kunstfeltet.
- Legge forholda til rette for samarbeid mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet
- Etablere regionale "litteraturhus" og utvikle dei med høg kvalitet
- Spreie kunnskap om ulike modellar for drift av skulebibliotek
- Legge til rette for digital deltaking
- Drive aktiv kunnskaps- og litteraturformidling av høg kvalitet i det fysiske og digitale bibliotekrommet
- Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon
- I regional og kommunal planlegging skal det settast mål for å legge til rette for areal, infrastruktur og anlegg, som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet

- Tilrettelegge minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune.

Folkehelse : Planen slik den ligg før vil gje positive bidrag til folkehelsa

Miljø: I varetaking av miljøet må vere med i planlegging av nye arenaer og opp gradering av desse

Økonomi : Dersom Meland kommune skal ta del i nokre av tiltaka i planen, vil dette ha økonomiske konsekvensar. Dette må vurderast under budsjettarbeidet kvart år.

Konklusjon Kulturplanen er ein stor og ambisiøs plan som femner over mange felt som er viktige for god livskvalitet for innbyggjarane våre. Meland kommune vil vere ein god kommune å bu og fleire av tiltaka og innsatsområda som er omtala i planen vil vere med på å understøtte dette målet.

Framlegg til vedtak:

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde.

Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	HistSak - 13/1734	14/3233

Prioritering av planar og utgreiingsoppgåver ved Plan, utbygging og kommunalteknikk 2. halvår 2014

Vedlegg:

Planar og utgreiingar 2. halvår 2014

Private reguleringsplanar 2. halvår 2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Oversikt over private reguleringsplanar og kommunale planar / utgreiingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk for 2014 vart behandla av kommunestyret i møte 11.12.2013. Administrasjonen legg med dette fram status for 1. halvår 2014 og prioriteringar for 2. halvår.

Vurdering

Kommunale planar og utgreiingar

Kommuneplanen sin *samfunnsdel* med planstrategi vart godkjent av kommunestyret i møte 14.05.2014. Arbeidet med kommuneplanen sin *arealdel* har vore intensivt, og etter vedtak i formannskapet i møte 04.06.2014 er denne planen også sendt ut på høyring. Arbeidet har krevd deltaking frå planansvarleg og landbrukssjef i tillegg til kommuneplanleggjar og GIS-konsulent, og ein del andre planoppgåver er blitt nedprioritert.

Områdeplanen for Frekhaug sentrum er endeleg godkjent. utfordringane framover er å få i gang den aktiviteten som planen legg til rette for.

Arbeidet med revisjon av tiltaksplanane for vatn og avlap er starta, som ein felles plan i staden for to. Det er gjort resipientundersøkingar og risiko-analyser, og det er laga nettmodell av vassforsyningssystemet. Dette skal inngå i grunnlaget for vidare prioriteringar av tiltak. Revidert plan skal koordinerast med budsjettprosessen hausten 2014.

Private planar

Første halvår 2014 har vore sterkt prega av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Det er likevel gjort vedtak om offentleg ettersyn av 3 plansaker, som er klar for sluttbehandling 2. halvår 2014. To utbyggingsavtalar er meldt inn; avtale for Elvaåsen og revidert avtale for Mjåtveitmarka. Utbyggjarar og grunneigarar venter elles på kommuneplanen sin arealdel.

Det er halde oppstartsmøte for 1 ny plan, det er meldt inn endring av ein plan og det er meldt inn klage på to godkjenningsvedtak. Klagesakene vil bli behandla 2. halvår.

Generelt

Administrasjonen har det første halvåret arbeidd for å betre kapasiteten innan plan- og byggesaksbehandlinga. Resultatet er at det vil vere to heile stillingar på plansaker og fire heile stillingar på byggesaker frå hausten 2014. Det vil lette situasjonen betrakteleg, og gir kommunen høve til å ha større kontroll og betre framdrift i sakene. Når arealdelen er klar for sluttbehandling, vil det også bli frigjort noko tid. På den andre sida vil det komme inn mange plansaker når arealdelen er godkjent. Det vil også bli nødvendig å bruke ressursar på større kommunale planer, t.d. Midtmarka og Ryland/Vikebø.

Folkehelse: Ikkje relevant tema

Miljø: Ikkje relevnt tema

Økonomi: Eit godt plansystem og effektiv plansaskbehandling krev noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen enno ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for orientering.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tek oversikt over planar og utgriingar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk og oversikt over private reguleringsplanar 2. halvår 2014 til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 614	14/3298

Alternative lokalitetar for Meland kyrkjekontor

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samsvar med Lov om den norske kirke § 15 er det kommunen som løyver midlar til drift av kyrkja. Dette gjeld også den administrative delen av drifta. Det økonomiske ansvaret kan anten løysast ved direkte overføring frå kommunen til kyrkja eller ved kommunal tenesteyting. I Meland er det avtalt ein kombinasjon av desse ordningane, der m.a. utgifter til kontorlokalitetar for kyrkja har vore gjort som tenesteyting, jf. skriftleg avtale om dette.

Meland kyrkjekontor disponerer såleis kontorlokalitetar i rådhuset tilsvarande 123 kvm + ein utrekna del av fellesarealet, i alt 137 kvm. Berekna husleige (som tenesteyting) utgjør kr 361 680 per år. Dette inkluderer alle fellesutgifter som reinhald, straum, senteravgift m.m.

Meland kommune leiger i dag 3 kontor/undervisningslokale til vaksenopplæringa hos MAKS i Havnevegen 11. MAKS har no behov for dette arealet til eiga bruk og har difor skriftleg sagt opp leigetilhøvet, jf. skriv dat. 26.05.14. I utgangspunktet ønskte MAKS at kontora vart fristilte frå 01.08.14, men med utgangspunkt i at leigeavtalen har ei oppseiingsfrist på eitt år, er det semje om at kommunen skal finne ei alternativ løysing for vaksenopplæringa innan årsskiftet 2014/2015.

Med bakgrunn i folketalsauken og dermed den aktivitetsauken som har vore innan ulike tenestemråde dei siste åra, har rådhuset etter kvart fått romkapasitetsproblem. Dette gjeld m.a. for helsestasjon, barnevern og psykisk helseteneste/rus. Sistnemnde teneste disponerer i dag 5 kontor, der eitt av dei vert delt mellom 2 tilsette + student i praksis, og eitt kontor er delt mellom 3 tilsette. Det er registrert aukande behov for tilbod innan denne tenesta, – utover det kommunen kan stette per i dag. Det er høve til å søkje på statlege tilskotsmidlar, men pga. av lokalitetssituasjonen vil dette ikkje vere mogleg utan eit utvida kontorareal.

Med bakgrunn i ovannemnde situasjon har administrasjonen tatt kontakt med kyrkjekontoret, og ein har i fellesskap drøfta alternative løysingar for kyrkjekontoret i Frekhaug senter. Det er henta inn 2 tilbod som prismessig ligg tett opp til kvarandre. Kyrkja har sjølv konkludert med at tilbodet frå Lingjerde Eiendom AS vil vere det som er mest føremålstenleg. Dette omfattar 270 kvm i 2. etasje i bygget, inkl. andel av fellesareal. Dette er eit større areal enn det kyrkjekontoret disponerer i dag, men dei ønskjer å slå saman deler av arealet, slik at det får eit større møtelokale. Dei ser for seg ulik bruk/aktivitetar i dette (kafé/møteplass, konfirmantundervisning, soknerådsmøte m.m) Leigetilhøvet vil gjennom kontrakten gå over 5 år, med høve til å forlengje i ytterlegare 5 år.

Dette vil kunne gje kyrkja tilstrekkeleg fleksibilitet i høve etablering av administrasjonslokalitetar i eit

eventuelt nytt kyrkjebygg på Frekhaug.

Oversyn årlege leige/driftskostnader i Lingjerde-bygget – 270 kvm:

Leigesum:	Kr 229 500
Felleskostnader inkl. senteravgift:	Kr 83 700
Straum og reinhald:	<u>Kr 63 000</u>
Totalt:	<u>Kr 376 200</u>

Det er eit ønskje frå kyrkja at dei kan starte ombyggings/flytteprosessen 01.11.14, - dette for å unngå for mykje ekstra-arbeid i desember, som er ein travel månad for dei. Også for kommunen vil det vere viktig å ha frigitt lokale til bruk for vaksenopplæringa med tanke på oppstart frå 01.01.15. Det vil då påløpe kostnader for kommunen tilsvarende leige/drift i 2 mnd, noko som i så tilfelle må finansierast over disposisjonsfondet.

Det er elles ein føresetnad at kyrkja sjølv tar alle omkostningar med det ombyggingsarbeidet som er knytt til møtelokalet, men kommunen må dekke kostnadene med å lydisolere 3 cellekontor pluss eit møterom. Dette tiltaket vil vere nødvendig med tanke på den utvida teieplikta som gjeld, og er kostnadsrekna til kr 19 000. Kommunen vil nytte eigne folk til dette arbeidet.

Vurdering

Den skisserte løysinga representer ein auka kostnad for kommunen, sjå punktet om økonomi. Administrasjonen meiner like fullt at tiltaket er fornuftig og nødvendig for å løyse lokalitetsutfordringane for dei aktuelle tenesteområda. I første rekkje må kommunen finne ei løysing for vaksenopplæringa, som står utan lokale frå 01.01.15. Kommunen har sjølv ikkje andre disponible/ledige lokale i Frekhaug senter, og det er t.d. ikkje ledig romkapasitet ved dei to skulane i området. Det bør også i nær framtid etablerast ei løysing for meir areal til helsestasjonen, barneverntenesta og psykisk helseteneste/rus. Eit effektivt areal på 123 kvm vil kunne gi eit godt supplement, - alternativt ville ein måtte vurdere å leige areal til ei eller fleire av desse tenestene.

Det har vore god dialog med kyrkjekontoret i prosessen. Dei vurderer i utgangspunktet noverande areal i rådhuset som gode og tenlege, men dei ser også store føremoner ved alternativet i Lingjerde-bygget.

Det er på det reine at det aktuelle arealet i Lingjerde-bygget er ca dobbelt så stort som dagens areal. Det er då viktig å vere merksam på at kyrkja i dag har tilgang til formansskapssal, kantine og andre møterom på rådhuset. Sjølv om dei i teorien kunne halde fram med å låne desse, vil det vere tungvint og lite føremålstenleg for dei. Lokale til konfirmantundervisning (eitt av føremåla med å etablere eit større møterom i Lingjerde-bygget) kjem inn under dei arealbehova kommunen har ei lovpålagt plikt til å finansiere. Tilbodet frå Lingjerde Eigedom omfattar heile arealet på 270 kvm, slik at ei oppdeling med leige av eit mindre areal ikkje vil vere aktuelt.

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Årleg tilskotssum til kyrkja vil måtte aukast med kr 376 200, sjå oversyn årlege leige/driftskostnader under saksutgreiinga. Dagens husleige til MAKS på kr 80 000 per år vil derimot falle bort som utgift på ansvar 204 (vaksenopplæringa) f.o.m. 2015, og dette vil då gå til fråtrekk i den totale økonomiske meirkostnaden, slik at denne vil utgjere kr 296 200 per år.

Ideelt sett bør ei sak av eit slikt økonomisk omfang fremjast i samband med økonomiplan/budsjett, og saka hadde nok ikkje vore sett fram på noverande tidspunkt dersom det ikkje hadde vore for oppseiing av leigeavtalen for vaksenopplæringa. I dette tilfellet vil det såleis vere vanskeleg å utsetje behandlinga til den ordinære budsjettprosessen. Dersom framlegget vert vedteke, bør gjeldande avtale mellom Meland Sokneråd og Meland kommune om kommunal tenesteyting justerast.

Konklusjon

Med bakgrunn i ei samla vurdering vil administrasjonen rå til at framlegget til alternativ kontorløyising for kyrkjekontoret vert godkjent. Auka tilskotssum til kyrkja på kr 376 200 må då regulerast gjennom budsjettbehandlinga. Det må også godkjennast ei ekstraløyving til husleige/drift i 2 mnd i 2014, finansiert over disposisjonsfondet. Dette utgjer kr 62 700. I tillegg kjem kr 19 000 til lydisolering av 3 cellekontor og eit møterom.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at det vert inngått leigeavtale med Lingjerde Eiendom AS, under dei vilkår som er det er gjort greie for i saka, og med føremål leige av kontorlokale for Meland kyrkjekontor. Årleg tilskotssum til kyrkja vert auka med kr 376 200 f.o.m. 2015. Finansiert over disposisjonsfondet vert det løyvd kr 62 700 til 2 mnd drift i 2014 og også løyvd kr 19 000 som eit eingongsbeløp til lydisolering av 3 cellekontor og eit møterom.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Knag Johannesen	Gbnr - 22/132	14/753

Søknad om kjøp av tilleggsareal til gbnr. 22/132

Vedlegg:

Søknad om kjøp av tilleggsareal

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rega Pro AS har i skriv datert 13.02.2014, søkt om å få kjøpe tilleggsareal til sin eigedom gnr. 22, bnr. 132, av Meland kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at verksemda ønskjer ein formalisering av eigedomsforholdet til opparbeidd parkeringsplass og areal rundt bensinstasjonen. Arealet selskapet ønskjer å kjøpa utgjer om lag 8X40 meter, totalt ca. 350m². Se vedlagt kartskisse til søknad. Tomta er tenkt nytta som i dag, og til utviding av eksisterande verksemd med ny vaskehall.

Vurdering

Administrasjonen har sett på søknaden i høve til faktiske opplysningar.

Arealet som Rega Pro AS søker om å få kjøpe, ligg på grn. 22, brn. 115 som Meland kommune eig. Området er regulert til "Industriens friområde" i gjeldande reguleringsplan – Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaug, planid 125619780310.

Administrasjonen er positivt innstilt til søknaden, da grensa mellom eigedomane per i dag ikkje ligg naturleg i forhold til den faktiske utnyttinga av områda. Dersom ein stettar framsette søknad, vil grensa harmonere som meir med bruken. Meland kommune ønskjer også å støtte opp under verksemda og arbeidsplassar i kommunen. Det er svært positivt at verksemda ønskjer investere å ekspandera drifta si i Meland. Det visast også til tidelgare sak KS sak 038/11 der naboeigedomen Gnr. 22, Bnr. 131 fikk kjøpe tilsvarende areal av Gnr. 22, Bnr. 115 mot Mjåtveitflaten.

Dersom Meland kommune vel å selja det aktuelle arealet må det søkjast om dispensasjon/mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast. Ved eventuell søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisktssoner ivaretakast.

Framlegg til vedtak:

- 1 . Rega Pro AS får stetta søknad om kjøp av areal på Gnr. 22, Bnr. 115 av Meland Kommune.
2. Det må søkjast om dispensasjon /mindre reguleringsendring før deling kan gjennomførast.
3. Ved søknad om tiltak må gjeldande byggjegrense mot veg og frisktsoner ivaretakast.
4. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle /inngå avtale om pris med kjøpar.